



Arkconsult AS
Pb. 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1511 - 18/21556

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.06.2018

Ferdigattest - gbnr 137/800 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 348/18

Tiltakshavar: Reigstad Bygg og Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Arkconsult AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.06.2016 og 21.10.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.06.2018.

Skildring

Adresse:	Isdalstøbakken 79 A - E
Bygningstiltak:	Fem-mannsbustad
Bygningsnummer:	300655584
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for fem-mannsbustad på gbnr 137/800.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1511

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen	5914	ISDALSTØ
	124		

Mottakarar:

Arkconsult AS	Pb. 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
---------------	---------	------	-------------------